



## DRAUMEJOBBS FOR KAIZERS

SIDE 12



## PRAKTBOK FRÅ GOLFBYGDA

SIDE 2-3



# nordhordland

-avisa for distriktet Lørdag 22. september 2012 - Veke 38 Nr. 75 - Årgang 37 - www.nordhordland.no - Laussal kr. 20,-



## VÆPNA POLITI PÅ LINDÅS

SIDE 7



## ÅNDSFRISK 100-ÅRING

SIDE 4



# Eventyrleg IT-suksess

## MASSIV KAMP FOR AVS

SIDE 14-15

Frå hovudkontoret på eit loft på Helland server Dynaplan ei rekkje store internasjonale selskap. -Eigentleg ei heilt vanvittig historie, smiler Magne Myrtveit, Yngve Mellingen og Frank Kolden. Det vesle Radøy-selskapet har utvikla ein unik teknologi for blant anna personalplanlegging i store verksemder. Side 8-9



**Hjalv & Sonnev**  
BYGGEVAREHANDEL  
Tlf. 56 35 33 70 - 5915 Hjelmas

**MESTERHUS**  
- det blir som avtalt  
**BYGGERIET**

Nybygg - tilbygg - rehabilitering - alt i byggevarer

• Vann • Varme • Sanitær • Varmepumper

**Hjelmas**  
VVS AS  
Tlf. 56 35 40 50 • e-post: hjvvs@hjelmaas.no  
www.hjelmaas.no

**MITSUBISHI**  
HEAVY INDUSTRIES LTD.  
Luft-varmepumper

**CTC**  
Varmepumper for vannbåren varme

Nh inviterer til sopptur og soppkontroll  
Torsdag 27. sept. kl. 17-19  
Påmelding til Nh på tlf. 56 35 55 55  
Oppmøte i Avisa Nordhordland

**nh nordhordland**  
- avisa for distriktet



# Servar store selskap frå eit

**RADØY:** Med sin sjølvutvikla planleggings-teknologi har eit lite firma på Radøy fått innpass over heile verda. Les om ein eventyrlig IT-suksess, krydra med mykje slit, kueleig pågangsmot og ein arbeidsinnsats du skal leita lenge etter.

**ARTHUR KLEIVELAND**  
arthur@nordhordland.no

Frå hovudkontoret på eit loft på Helland servar Dynaplan ei rekke store internasjonale selskap.

– Eigentleg ein heilt vanvittig historie. Det skal eigentleg ikkje veramogleg, smiler Magne Myrteveit og Yngve Mellingen, dei to som starta selskapet.

I dag er Dynaplan sin teknologi for strategisk personalplanlegging i bruk i europeiske firma med til saman like mange tilsette som heile arbeidsstokken i Norge. Mellom anna blir Dynaplan sine simuleringar gjort «live» i styreverrommet i det gigantiske tyske selskapet Bayer.

## Mot alle odds

Magne Myrteveit fekk visjonen påskehelga i 2002. Etter familie-råd fekk han grønt lys på heimebane.

– Du må berre gå i gang. Utan vil du neppe kunne vera i hus med, sa kona Astrid. Begge visste det ville bli mange lange dagar.

## Ni års svangerskap

**RADØY:** I dag går Dynaplan sigrende ut av så godt som alle anbudsrunder dei er med på, i konkurranse med dei store internasjonale konsultantselskapa.

– Vi blir naturleg nok ikkje særleg populære i dei kretsar, seier dagleg leiar Magne Myrteveit.

## Treng folk med ekspertise

Det tok ni år med utvikling for lansering av den første offentlege versjonen av produktet, som fann stad på toppen av Deutsche Bank sitt «green tower» i Frankfurt.

## Med revolusjonerande planleggings-strategi

For å sjå kvarandre litt meir har Astrid flytta strykebrettet inn på kontoret til mannen sin.

## Mellom dei heitaste namna

I dag er Dynaplan mellom dei heitaste namna når det gjeld strategisk planlegging. Mellom anna har det vesle selskapet frå høgkostlandet Norge fått solid fotfeste i store internasjonale selskap med base i Tyskland. Korleis er det mogeleg?

## Spår ikkje om framtida

–Vi spår ikkje om framtida, men vi reknar oss fram til sannsynlege framtidsscenario. Vi jobbar utfrå ein filosofi om at det er betre å ha tilnærma rett enn å ta eksakt feil, med dei store konsekvensane det kan få for eit selskap, orklarar Myrteveit.

Dyktige medarbeidarar, fornøgdte kundar og metodikk som inkluderer kunden er andre suksessfaktorar Myrteveit trekker fram.

## Bayer og BMW

I dag har selskapet samarbeid om strategisk personalplanlegging med store internasjonale selskap som Bayer, BMW, Alliance, Deutsche Bank, Metro og Luft-hansa.

Dynaplan er eit selskap som produserer software og leverer

konsulenttenester gjennom oppfølging i det enkelte selskap. Det finst hundrevis av teknologiar for analyse og planlegging, men per i dag er det ingen som fungerer like bra som teknologien til Radøy-selskapet.

Han hadde ideen, men visste ikkje om den let seg realisera. Ni år seinare kunne IT-gründeren frå Helland presentera nyskapinga si for potensielle kundar.

## Snur opp ned på «alt»

Kort fortald snur Dynaplan med sin teknologi opp-ned på etablerte planleggingsmetodar. Dynaplan sin teknologi er meir fleksibel og har langt betre kvalitet enn t.d. rekneark, seier Frank Kolden, som nettopp har ansvaret for kvalitetssikringa av systema som Radøy-verksemda leverer.

– Med eit tastetrykk kan du simulera ulike scenario basert på moglege situasjonar det enkelte selskap kan sjå for seg i framtida. Med dette systemet trengst det ikkje nye og lange utgreingar for å få eit godt beslutningsgrunnlag. Det gir også reduserte kostnader, seier Magne Myrteveit.

## Lett å forstå


Eit kjenneteikn ved Dynaplan sin teknologi er at den lar seg visualisera på ein lettforståeleg måte.

skaffa seg god oversikt for den framtidige situasjonar, basert på den utviklinga ein ser i dag - med t.d. eldrebølge, livsstilsjukdomar og samhandlingsreform, seier Myr-teveit.

## Skal ikkje bli store

Myrteveit fortel at det ikkje er planen å veksa seg veldig stor. –Men vi skal bli fleire etter kvart som nye oppdrag og utfordringar skal løysast.

Talet på tilsette er auka frå to til ni. Alle jobbar frå heimekontor, anten dei held til på Radøy, Bergen, Lillehammer eller i Sveits.



VI TØMMER LAGERET!

30-70% PÅ EN MENGDE VARER

BESØK DIN LOKALE INTERSPORT BUTIKK!

KUN FÅ DAGER IGJEN!

\*Kampanjen gjelder mandag 17. sep - lørdag 22. sep

SPORT TO THE PEOPLE




# loft på Radøy



**EIT-EVENTYR:** Mot alle odds er Dynaplan eitt av dei heitaste namna i Europa når det gjeld strategisk planlegging. Selskapet, med gründer Magne Myrveit (t.v., 55) i spissen, har utvikla ein unik teknologi. Her saman med programmarar Yngve Mellingen (t.h. 33), som har vore med sidan starten, og Frank Kolden (25) som har ansvar for kvalitetssikring, på hovudkvarteret på loftet heime hjå Magne Myrveit på Helland.

## Figurforming for kvinner



### Bailine gir deg:

- Kostholdsveiledning
  - Mentaltrening
  - Elektronisk muskeltrening
  - Slankere og fastere figur
  - Bygger opp muskelmasse
  - Redusering av kroppsmål
  - Oppstramning av slapp hud
- Hjelper mot ømme punkter og kroniske smerter
- Vekt og figurproblemer er for de fleste en privat sak, derfor behandles alle enkeltvis og i eget kabinett.

**GRATIS PRØVETIME**



Du finner oss i Lyngveien 2 (Hauglandbygget) Knarvik • Tlf. 56 35 43 00 • [www.bailine.no](http://www.bailine.no)